

PROGRAM 2023-2027

HÅ SENTERPARTI



2
Gry Kirsti Høyland
Sirevåg, sjukepleiar,
Nærbø



3
Sjur Håland, journalist,
Varhaug



4
Knut Åge Gjersdal,
bonde, Vigrestad



5
Hans Aanestad,
bonde, Varhaug



6
Anne Vold Jensen,
vernepleiar, Vigrestad



7
Hanne-Elise Lindal,
bonde, Nærbø

Ordførarkandidaten vår



1
Svein Høyland, rektor og vara-ordfører, Brusand



TRYGG I HÅ



Hå Senterparti er partiet for deg som er oppteken av trygg, ansvarleg og føreseieleg lokal styring i ei uroleg tid. Barn og unge er framtida vår. Me vil ha eit godt undervisningstilbod for teoretisk og praktisk læring. Dei unge skal ha gode kommunale fritidstilbod, også i helgene. Me skal vera ein støttespelar for lokale lag og organisasjonar. **Hå Senterparti** vil prioritera dei kommunale helse- og omsorgstenestane. Våre eldre skal ha tilgang på omsorgsbustadar eller sjukeheims plass når dei treng det.

Hå kommune skal vera ein god kommune å driva næringsliv i, vera ein attraktiv arbeidsplass og ein god kommune å bu i. Landbruket er ryggrada i Hå, og me skal løfta fram bønder og næringsmiddelindustri.

MED HÅ SENTERPARTI I STYRING FÅR DU:

- Målretta utvikling av skulane, med praktiske alternativ
- Fleire sjukeheims plassar
- Hå som sjølvstendig kommune, ja til godt samarbeid
- Trygg økonomistyring
- Sterkt jordvern

BARN- OG UNGE

- Tidleg innsats og nok bemanning i barnehagar og skular
- Bruka meir pengar på Hå-skulen, og arbeida med trivsel, motivasjon og resultat
- Trygge oppvekstmiljø, og etablera klubb for mellomtrinnet etter mal av ungdomsklubbane
- Vidareføra og styrka tilboda til barn og unge, som fritidsklubbar, kulturskule og sommartilbod
- Kommunal ungdomsklubb også på Vigrestad
- Etablera eit team som skal hjelpa i saker med mobbing og utfordrande saker i skulen
- Vidareutvikla førebyggjande og oppsøkande arbeid blant barn og unge
- Nok helsesjukepleiarar, blant anna for å hjelpa dei som slit med psykisk helse
- Vidareutvikla rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeid gjennom godt samarbeid med politiet
- Gode løysingar for skulemat og kantiner på alle skulane
- Vidareutvikla praktiske alternativ i skulen
- I gang med bygging av ny skule på Vigrestad i perioden
- Ny barnehage på Brusand ferdig i 2025
- Vurdera barnehage på "Iden" på Varhaug i ny barnehagebruksplan
- Satsa på lærlingar, og tilby attraktive lærlingplassar

HELSE OG SOSIAL

- **Satsa på eldreomsorg, og utvikla Heimtun, Olsvoll, Gjegnet og Varhaug som gode velferds- og bufellesskap**
- **Arbeida for fleire heiltidstilsette**
- **Etablera husassistentar (matvert, aktivtør) på sjukeheimane**
- **Satsa på sjukeheimen og gode heimetenester**
- Arbeida systematisk med integrering og inkludering i alle ledd
- God grunnbemanning i barnevernet
- Styrka arbeidet innan både psykisk helse og rusomsorg
- Laga gode støtte- og hjelpeordningar for dei som slit med økonomien
- Legevakt i Hå
- Byggja ut Klokkarhagen og vidareutvikla god demensomsorg
- Styrka ergoterapitenesta
- Byggja vidare på velferdsteknologi
- Etablera "Heilt med" for å få fleire ut i arbeidslivet
- Tilby kompetanseheving

SAMFUNN, IDRETT OG KULTUR

- **Vera ein aktiv og viktig stemme for det frivillige arbeidet**
- **Kommunale bygg, bustadar og uteområde skal sjå velstelt ut**
- **Sterkt jordvern**
- **Gode rammevilkår til idretten**
- **Raskare og enklare kommunal saksbehandling**
- Vera den viktigaste politiske støttespelaren til bonden
- Etablera "Jæren matfest" i samband med Landbruksmøtet på Varhaug
- Ja til gardsvindmøller
- Skapa attraktive leike/aktivitetsplassar i alle sentruma
- Store tomter i Stokkalandsmarka, med betre busstilbod til Vigrestad
- Arbeida aktivt for enklare løysingar for bygging av sykkelstiar
- Arbeida for halvtimes avgangar på Jærbanen i heile Hå
- Utvikla Sirevåg med både næring og turisme
- Vidareutvikla Nærbsparken med arrangement og aktivitetar
- Sambrukshuset på Nærbo skal stå ferdig i 2027, der gode vilkår for legane er viktig
- Ikkje etablera nytt industriområde på Skjæret
- Ha ein aktiv næringspolitikk, med industriareal tilgjengeleg
- Utvikla Kviamarka og Grødaland som regionale senter for næringsmiddelindustri og biogass
- Breiband til alle; vidareføra breibandsfondet
- Vera ein aktiv part for å fremja ein betre kriminalomsorg, og støtta Åna fengsel
- Energieffektivisering i kommunal transport og offentlege bygg
- Laga klimaplan, og arbeida med målretta og realistiske tiltak for miljø, klima og naturmangfald
- Etablera vedlikehaldsfond for idrettshallar, anlegg og kulturbygg
- Vidareutvikla bibliotekstilbodet, også til sosiale treffpunkt i alle bygdene
- Få realisert "Kyststi Jæren" gjennom Hå denne perioden, i tett samarbeid med grunneigarane
- Starta planlegging av eit senter for Jærmalarane på Hå gamle prestegard
- Leggja til rette for utvikling av turisme på Jæren
- Oppgradera kommunale vegar og arbeida for trygge skulevegar



8
Olaug Varhaug
Sigveland,
bonde, Varhaug



9
Sverre Nærland,
universitetslærer,
Nærbø



10
Anette Håland,
bonde og tera-
peut, Varhaug



11
Marta Sigveland,
spesialpedagog
og barnepastor,
Vigrestad



12
Odd Egil Bø,
tømrrar, Brusand



13
Karen Gjersdal,
konditor, Sirevåg



14
Liv Kraggerud,
farmasøyt,
Nærbø



15
Maren Lindal,
student, Nærbø



16
Lars Madland,
turoperatør/
bonde, Varhaug



17
Siv Renate Salte
Mjåtveit, kokk,
Nærbø



18
Svein Jarle
Njærheim, bonde,
Nærbø



19
Jarl Nord-Varhaug,
pensjonist,
Brusand



20
Joakim Nord-
Varhaug, prosjekt-
utviklar, Brusand



21
Torfinn Nærland,
avdelingsleiar land-
bruk, Vigrestad



22
Andreas Rød,
serviceteknikar,
Varhaug



23
Bjørg Sandve,
pensjonist,
Nærbø



24
Ingeborg
Nærland Skjærpe,
biblotekar, Nærbø



25
Per Inge Undheim,
bonde, Nærbø



26
Synnøve Veien,
bonde, Nærbø



27
Tore Vingen,
avdelingsssjef,
Sirevåg



28
Arna Høyland,
vernepleiar,
Nærbø

Les meir om kva Hå Senterparti
meiner på www.sp.no/ha, eller
på facebookgruppa.

Vil du verta medlem, send ein
SMS med kodeord SP til 2360



Senterpartiet